

KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGAVGJERD

2016/EØS/64/38

av 22. november 2011

om bruken av europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/103/EF med omsyn til kontroll av ansvarsforsikring for motorvogner

[meld under nummeret K(2011) 8289]

(2011/754/EU)(*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2009/103/EF av 16. september 2009 om ansvarsforsikring for motorvogn og kontroll med at forsikringsplikten overholdes⁽¹⁾, særleg artikkel 2, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) 30. mai 2002 vart det gjort ei avtale, heretter kalla «avtala», mellom dei nasjonale forsikringsbyråa i medlemsstatane i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet og andre assosierte statar. I medhald av avtala har kvart nasjonale byrå, i samsvar med føresegnene i den nasjonale lovgjevinga deira om lovpliktig forsikring, plikta seg til å handsame skadeoppgjer ved ulukke som skjer på territoriet deira, og som skuldast køyretøy som til vanleg høyrer heime på territoriet til ein annan medlemsstat eller på territoriet til Kroatia, Kypros, Den tsjekkiske republikken, Ungarn, Island, Noreg, Slovakia, Slovenia eller Sveits, anten desse køyretøya er forsikra eller ikkje.
- 2) Ved kommisjonsvedtak 2003/564/EF av 28. juli 2003 om anvendelse av rådsdirektiv 72/166/EØF med hensyn til kontroll av ansvarsforsikring for motorvogn⁽²⁾ vart det fastsett at frå 1. august 2003 skal medlemsstatane avstå frå å kontrollere ansvarsforsikringa for køyretøy som til vanleg høyrer heime på territoriet til ein annan medlemsstat eller på territoriet til Kroatia, Kypros, Den tsjekkiske republikken, Ungarn, Island, Noreg, Slovakia, Slovenia eller Sveits.
- 3) Avtala vart ved tilføyning nr. 1 utvida til å omfatte byråa i Estland, Latvia, Litauen, Malta og Polen. Ved

kommisjonsvedtak 2004/332/EF av 2. april 2004 om anvendelse av rådsdirektiv 72/166/EØF med hensyn til kontroll av ansvarsforsikring for motorvogn⁽³⁾ vart det fastsett at frå 30. april 2004 skal medlemsstatane avstå frå å kontrollere ansvarsforsikringa for køyretøy som til vanleg høyrer heime på territoriet til Estland, Latvia, Litauen, Malta eller Polen.

- 4) Avtala vart ved tilføyning nr. 2 utvida til å omfatte byrået i Andorra. Ved kommisjonsvedtak 2005/849/EF av 29. november 2005 om bruken av rådsdirektiv 72/166/EØF med omsyn til kontroll av ansvarsforsikring for motorvogner⁽⁴⁾ vart det fastsett at frå 1. januar 2006 skal medlemsstatane avstå frå å kontrollere ansvarsforsikringa for køyretøy som til vanleg høyrer heime på territoriet til Andorra.
- 5) Avtala vart ved tilføyning nr. 3 utvida til å omfatte byråa i Bulgaria og Romania. Ved kommisjonsvedtak 2007/482/EF av 9. juli 2007 om bruken av rådsdirektiv 72/166/EØF med omsyn til kontroll av ansvarsforsikring for motorvogner⁽⁵⁾ vart det fastsett at frå 1. august 2007 skal medlemsstatane avstå frå å kontrollere ansvarsforsikringa for køyretøy som til vanleg høyrer heime på territoriet til Bulgaria eller Romania. 29. mai 2008 konsoliderte dei nasjonale forsikringsbyråa avtala og integrerte tilføyning nr. 1–3.
- 6) 26. mai 2011 vart tilføyning nr. 1 til den konsoliderte avtala underskriven av dei nasjonale forsikringsbyråa i medlemsstatane og i Andorra, Kroatia, Island, Noreg og Sveits, slik at avtala vart utvida til å omfatte det nasjonale forsikringsbyrået i Serbia. Tilføyninga inneheld praktiske reglar for oppheving av kontrollen av forsikringa for køyretøy som til vanleg høyrer heime på territoriet til Serbia, og som er omfatta av avtala.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 310 av 25.11.2011, s. 17, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 148/2012 av 13. juli 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg IX (Finansielle tjenester), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 63 av 8.11.2012, s. 38.

⁽¹⁾ TEU L 263 av 7.10.2009, s. 11.

⁽²⁾ TEU L 192 av 31.7.2003, s. 23.

⁽³⁾ TEU L 105 av 14.4.2004, s. 39.

⁽⁴⁾ TEU L 315 av 1.12.2005, s. 16.

⁽⁵⁾ TEU L 180 av 10.7.2007, s. 42.

- 7) Alle vilkåra for å avskaffe kontrollen av ansvarsforsikringa i samsvar med direktiv 2009/103/EF når det gjeld køyretøy som til vanleg høyrer heime på territoriet til Serbia, er difor oppfylte —

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Frå og med 1. januar 2012 skal medlemsstatane avstå frå å kontrollere ansvarsforsikringa for køyretøy som til vanleg høyrer heime på territoriet til Serbia, og som er omfatta av tilføyning nr. 1 til avtala mellom dei nasjonale forsikringsbyråa i medlemsstatane i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet og andre assosierte statar.

Artikkel 2

Medlemsstatane skal straks melde frå til Kommissjonen om dei tiltaka som er gjorde for å gjennomføre denne avgjerda.

Artikkel 3

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 22. november 2011.

For Kommissjonen

Michel BARNIER

Medlem av Kommissjonen